



Bygging av nytt vassbasseng ved Åreid. Utsikt sørover mot Børøyfjorden.

TUNG INVESTERING I NYE PROSJEKT

2024 har vært eit travelt år på investeringssida. Både Bømlopakke II prosjektet, Skimmeland - Mosterhamn, Åreid vassreinseanlegg (VBA) samt Åreid - Oldereid nærme seg sluttspurten. Spesielt prosjektet i Åreid har kravd ressursar i forhold til oppfølging og koordinering av mange delentreprisar samstundes som vassproduksjonen skal gå som normalt. Nokre utfordringar har ein støtt på i prosjektet, men dei aller fleste er løyste på ein god måte.

Produksjonskapasitet nok og påliteleg levering

Grunnen til den store utbygginga i Åreid og samankopling både nordover og sørover, er den store industrielle utbygginga som er påbegynt fleire plassar rundt omkring i Bømlø og som krevje meir og meir vatn. Med denne utbygginga vil BVA kunne levere nok vatn til alle abonnentar i tillegg til produksjonsvatn til næringa.

Ei sikker eller redundant levering er også eit krav i drikkevassforskrifta. Ny vassleidning til Langevåg vil sørge for at dette kravet blir oppfylt for BVA sin del.

Status prosjekt Åreid - Oldereid - Hovlandshagen

Arbeidet ved Åreid vassreinseanlegg følge planlagt framdriftsplan og vil være ferdig stilt i løpet av sommaren 2025. Også bygginga av to vassbasseng, kvar på 1500 m³, følge planlagt framdrift og vil stå ferdige i løpet av sommarferien 2025. Ny vassleidning mellom vassreinseanlegget og Oldereid er starta opp, samt vassleidningar fram til Åreid strand. Når det gjelder vassleidning mellom Åreid og Langevåg så er den inntil vidare lagt på vent grunna uavklart finansiering.

Status prosjekt Skimmelandsdalen - Mosterhamn

Dette prosjektet går inn i sluttfasen første halvår 2025. Her er Vestland Fylkeskommune byggherre i samband med at dette er eit prosjekt i Bømlopakke II.

I prosjektet er det frå BVA si side lagt ned nye hovudleidningar for vatn og avløp i tillegg til at det er bygd ny kloakkpumpestasjon.

Økonomi

Spesielt prosjektet Åreid - Oldereid - Hovlandshagen har vært eit økonomisk tungt prosjekt med tanke på årlege investeringar. Prosjektet er delt inn i åtte delentreprisar og hadde i utgangspunktet ei investeringsramme på om lag kr 175 mill. (2022). Selskapet bad eigar om godkjenning på kr 50 mill. pr. år i fire år, totalt kr 200 mill. for gjennomføring. I juli 2023 kom godkjenning frå eigar og tidleg haust 2023 starta grunnarbeidet opp.

Prosjektet Skimmelandsdalen - Mosterhamn starta for BVA sin del opp i 2024 og hadde i utgangspunktet ein priskalkyle på kr 18 mill. (2022).

Denne investeringa vil sjølvsagt slå ut på gebyret for abonnentane. Nye låneopptak og auka rentenivå er det som gir den største auken. Framover ser ein for seg å redusere investeringsnivået tilbake til normalen som er på om lag kr 15 mill. pr. år.

Prosjekt

I 2024 er status som følger for disse prosjekta:

Bømlopakken

Hidle – Ekornsæter

Skimmeland – Mosterhamn

Status pr. 31.12.2024

Planlegging – utveljing av entreprenør
(Vestland Fylkeskommune)

Starta opp / ferdig 1.halvår 2025

(Vestland Fylkeskommune)

Andre Prosjekt

Åreid – Hovlandshagen

Åreid – Oldereid

Rolfsnes kloakkpumpestasjon

Status pr. 31.12.2024

Planlagt – manglar finansiering

Starta opp – ferdig i 2025

Ferdig

Investeringar

Det er totalt investert for kr 81 915 375 i 2024 (kr 28 071 000 i 2023)

Investeringane er fordelt slik:

Vatn nye prosjekt: 73 536 485

Avløp nye prosjekt: 7 848 990

Utstyr og inventar: 529 900

Tilsette

Ved inngangen til 2024 var det tilsett ti driftsoperatørar, to kontrollørar, to sekretærer, to driftsleiarar, ein kontorleiar og dagleg leiar.

I løpet av året har to driftsoperatørar pensjonert seg. Desse er erstatta med to nyttilsette. Ved utgangen av året er det totalt 18 årsverk.



81 915 375

KRONER INVESTERT I 2024

Drift

Vatn

På produksjonssida er det ombygging ved Åreid vassreinseanlegg (VBA) som er den store aktiviteten. Driftsmessig er utfordringa å halde dette anlegget i gang samstundes som den store utbygginga skjer. På distribusjonssida er det å følge rutinar for drift av pumpestasjonar og høgdebasseng, samt eit stort leidningsnett.

Stenging av Brandasund høgdebasseng i samband med nedlegging av Brandasund lakseslakteri, medførte nokre mindre driftsmessige utfordringar, men signala på slutten av året er at ny verksemd vil ha behov for meir vatn og at høgdebassenget dermed blir del av distribusjonsnettet igjen.

Lekkasjesøk og utbetring av desse på leidningsnettet er stadig eit viktig arbeid for å ha nok vatn til abonnentane. Det dukkar heile tida opp nye store som små lekkasjar og dette er dermed eit kontinuerleg arbeid. Utskifting av dårlege vasskummar er også eit gjentakande arbeid for både å få betre kontroll på forbruk, men også eit HMS tiltak med tanke på dei som arbeidar på leidningsnettet.

Pluggkøyring av leidningsnettet er også eit kontinuerleg arbeid for å unngå ureint vatn til abonnentane. Overordna planar seier at leidningsnettet skal pluggkøyrest kvart 5. år. Dette er eit mål som blir etterstreva, men mannskapskapasitet gjer det utfordrande å halda målet. Ved uttak av store mengder vatn på kort tid, kan me då oppleve partiklar i drikkevatnet i nokre områder. Det må likevel seiast at kvaliteten på drikkevatnet jamt over er god.

Avløp

På produksjonssida er det viktig at slamtankar og kloakkreinsesstasjonar fungerer og samstundes sjekke at BVA klare å halde krav til reinsing før utslepp. Det ligg føre rutinar for når og kor ofte den enkelte slamtank bør tømmast. Tømming blir utført av eksternt entreprenør.

Pumper som går tett er også ei kontinuerleg utfordring. Filler, moppar, leiker og anna som ikkje skal i avløpet endar ofte i pumpestasjonane. Pumpene må då demonterast og reingjerast. I nokre tilfelle må pumpene skiftast ut. Heldigvis er alle pumpestasjonane utstyrt med to pumper. Stopper pumper er alle pumpestasjonar dimensjonert slik at ei Pumpe skal klare å pumpe avløpet vidare til neste stasjon. På denne måten unngår ein at avløpet går i overløp og utgjør ei forureining i naturen.

Leidningsnettet innan avløp må også pluggkøyrest til faste intervall for ikkje å gå tett. Dette er rutinearbeid men likevel eit særst viktig arbeid.

På overvassida er det ei kontinuerleg oppgåve med registrering av innlekk og separering av spillvatn og overvatn. Dette er eit omfattande arbeid som krev både tolmod og erfaring for å gjennomførast på ein god måte. For mykje overvatn i avløpssystemet kan medføre at pumpestasjonane går i overløp då det blir for store mengder å pumpe på.

I 2024 har ein sjekka ut alle pumpeleidningar som ligg i Storavatnet for eventuelle lekkasjar. Det blir her vurdert å montere målarar som kan overvake desse pumpelinjene.

Det har også i løpet av året blitt bygd ny kloakkpumpestasjon på Rolfsnes. Denne vil hjelpe til med å styre nivået i slamtank slik at ein unngår forureining. Pumpestasjonen er også utstyrt med luktfjerningsanlegg då det har vært ei utfordring med lukt rundt slamtanken.

Økonomi

Kommunestyret gjorde i desember 2023 vedtak om årlege gebyr for 2024 etter innstilling frå BVA. Vedtaka innebar ei auke innan avløp med 5,0 % og ei auke innan vatn med 15,0 % for eit gjennomsnittleg stort bustadhus.

Totalt sett medførte vedtaket for 2024 ei auke på ca. 9,1 % for den gjennomsnittlege abonnent.

Årets underskot på 1 943 206 blir overført til fond.

Ei oversikt over fonda syner følgjande:

	Vatn	Avløp
Status pr. 31.12.2023:	4 470 334	4 823 161
Årsresultat:	- 3 006 606	1 063 399
Status pr. 31.12.2024:	1 463 728	5 886 560

BVA driv si verksemd etter sjølvkostprinsippet og har av den grunn strenge krav for bruk av overskot eller underskot.




Driftsoperatørar Reidar Meling og Simon Rune Steinsbø framføre den nye kloakkpumpestasjonen på Rolfsnes.

Miljø

BVA starta med systematisk prøvetaking av utsleppa i 2014. Diagrammet under viser ei oversikt over utsleppsverdiane frå prøvetaking av dei ulike kloakkreinseanlegga (KRA) månad for månad i 2024. Reinsekravet er markert med ei raud linje.

Diagram 1: Prøveresultat utslepp 2024 (mg tørrstoff pr. liter)



Produksjon



I 2024 produserte BVA totalt omlag 1,45 mill m³ vatn. Dette er ein reduksjon frå 2023 då ein produserte omlag 1,69 mill. m³.

Reduksjonen er ein kombinasjon av fleire årsaker, blant anna redusert lekkasje.

Diagram 3 viser utviklinga av produsert vatn dei siste åra, fordelt pr kvartal.

Diagram 2: Produksjon vatn pr. måned 2024 (m³)


Diagram 3: Produksjon av vatn (m³) pr. kvartal, frå 2013 til 2024.



Det er viktig å ha ei god oversikt over kvar vatnet blir brukt, for å kunna vita noko om lekkasjeandelen. Diagram 4 viser ei prosentvis fordeling av kvar vatnet blei levert i 2024.

Diagram 4: Prosentvis fordeling av vatn 2024


■ Forbruk målar	36,4 %
■ Bustad	41,9 %
■ Fritidshus	1,4 %
■ Lekkasje	20,1 %



Energibruk og kostnad

Det vart produsert mindre vatn i 2024 enn året før. Dette gav seg også utslag i mindre mengde kilowattimar brukt.

Kurven under viser utviklinga frå 2019.



1 453 500 000

LITER VATN PRODUSERT I 2023

Slam

BVA har ca. 20 offentlege slamtankar som blir tømt etter ein fast syklus. Det betyr at mengda frå år til år varierer noko. Alt slam blir køyrt til Svartasmoget i Fitjar kommune for kompostering.

I 2024 er det tatt ut omlag 570 tonn slam frå offentlege slamtankar.

Oversikt over fordelinga av mengde frå dei forskjellige slamtankane er vist i diagram 6.

Diagram 5: Produksjon slam pr. år (tonn)





Diagram 6: Prosentvis levering av slam





Styret si årsberetning for 2024

Verksemda

Selskapet sitt føremål er kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vass- og avløpsanlegg i Bømlo kommune. BVA har eigedomsretten til alle vass- og avløpsanlegg som tidlegare var Bømlo kommune sin eigedom. Selskapet har ansvaret for utbygging av nyanlegg, og totalansvaret for drift og vedlikehald av vass- og avløpsanlegga i Bømlo kommune.

BVA skal finansiera si verksemd etter sjølvkostprinsippet. Det skal ikkje betalast utbytte til eigarane. Kommunestyret har gjort vedtak om at sjølvkost blir berekna etter inntekt og utgift ført etter BVA sitt rekneskap.

BVA driv verksemda si i Bømlo kommune.

Likestilling

BVA har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt. Av dei fast tilsette er 4 kvinner og 14 menn.

Ved framtidige tilsetjingar vil BVA ha fokus på å utjamne kjønnsbalansen der kvalifikasjon elles er lik.

Styret består av 6 medlemmar. Ein av medlemmane i styret er valt av dei tilsette. 5 av medlemmane er valt av eigarane. Av disse 5 er det 2 kvinner og 3 menn.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet i selskapet er godt.

Samla sjukefråvær har i 2024 vore 7,19 %. Av dette er : Langtidsfråvær er 5,3 % og korttidsfråvær er 1,89 %.

Styret er ikkje kjent med at fråværet skuldast arbeidsforhold i selskapet.

Det har ikkje vore alvorlege arbeidsuhell i BVA i 2024. Vernerundar har blitt gjennomført i samsvar med selskapet sine rutinar.

Ytre miljø

BVA har frå 01.01.2003 overtatt ansvaret for alle offentlege kloakkutslepp som tidlegare var Bømlo kommune sitt ansvar. Gjeldande utsleppsløyve er gjeve av

Fylkesmannen i Hordaland, no Statsforvaltar i Vestland.

Bømlo kommune er forureiningsmynde for alle utselepp som BVA har ansvaret for.

Det er ikkje registrert uønskte hendingar knytt til ytre miljø i 2024.

Tømming og kompostering av slam frå BVA sine reinseanlegg skjer etter avtale med Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, SIM. Kompostering av slam skjer på SIM sitt anlegg i Svartasmoget i Fitjar kommune.

Berekraft

Selskapet har i mange år gjennomført fleire vesentlege tiltak. Eksempel er:

- Lekkasjekontroll: Sidan 2010 er lekkasjen redusert frå om lag 60 % til om lag 20 %. Dette medføre at det i 2024 blir produsert om lag 1 mill. m³ vatn mindre enn i 2010.
- Frekvensinnstilte pumper: Alle større pumper har sidan 2015 blitt skifta ut for på den måten å redusere straumforbruket ved oppstart.
- Individuell filterstyring: Alle sandfilter ved vassreinseanlegga har sidan 2020 blitt programmert til å bli reinsa etter behov og ikkje etter tid.
- Led belysning: Etter kvart som lysarmatur blir skifta ut blir det montert Led-armatur.
- Avfallssanering: All avfall frå selskapet blir kjeldesortert.
- El-bil: Det blir vurdert om el-varebilar er funksjonelle til selskapet sin bruk ved planlagt innkjøp.
- Solceller: Det blir gjort vurderingar i forhold til montering på tak ved aktuelle bygningar i selskapet.
- Nye lån til investering: Det blir ved søknad om nye lån gjort tilpassingar slik at finansieringsselskap kan tilby grønne lån.

Ved planlegging og bygging av nye anlegg skal berekraft vurderast i forhold til val av metode og løysing.



Mykje skal på plass ved Åreid vassreinseanlegg i samband med utbygging.

Rekneskap og resultatdisponering

Rekneskapen er gjort opp under føresetnad av vidare drift av selskapet.

Selskapet hadde i 2024 ei **driftsinntekt på kr. 64 332 767** som hovudsakleg kom frå vass- og avløpsgebyr.

Samla **driftskostnad** var i 2024 **kr. 50 713 281** der avskrivning av driftsmidlar utgjer kr. 12 209 664.

Netto rentekostnad kr. 17 478 009 er renter på lån kr. 393 639 786 i Kommunalbanken og KLP.

Selskapet har kommunal garanti (sjølvskyldnargaranti) for låna.

Årsoppgjeret viser eit underskot på **kr. 1 943 206,38** som styret føreslår blir overført til fond.

Selskapet har opparbeida seg overskotsfond for vatn og avløp. Desse skal etter sjølvkostprinsippet reduserast dei næraste åra og er å rekna som abonnentane sine midlar.

Selskapet er delvis finansiert med fastrentelån slik kommunestyret i Bømlo har vedteke.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvissande bilete av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat.



Arve Hindenes
Styreleiar
sign.



Johanna Ann-Helene Johansson
Nestleiar
sign.



Åsmund Håvik
Styremedlem
sign.



Hans Otto Robberstad
Styremedlem
sign.



Aslaug S. Huse
Styremedlem
sign.




Nils Ragnar Vika
Styremedlem
sign.



Audun Halleraker
Dagleg leiar
sign.

Resultatrekneskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Notar	2024	2023
Salsinntekter		62 343 212	56 892 118
Anna driftsinntekt		1 989 555	2 487 544
Sum driftsinntekter		64 332 767	59 379 662
Varekostnad		2 803 523	2 667 531
Lønskostnad m.m.	2, 3	17 108 792	18 026 589
Avskrivning på driftsmidler	4	12 209 664	11 951 546
Anna driftskostnad		18 591 302	20 503 290
Sum driftskostnader		50 713 281	53 148 956
Driftsresultat		13 619 487	6 230 707
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		1 907 260	1 209 276
Anna finansinntekt		8 822	0
Anna rentekostnad		17 478 775	12 501 337
Resultat av finanspostar		-15 562 693	-11 292 062
Årsresultat	5, 8	-1 943 206	-5 061 355
Overføringer			
Overført anna egenkapital		1 943 206	5 061 355
Sum overføringer		-1 943 206	-5 061 355



Prosjektleder Odd Petter Habbestad i dialog med entreprenør ved utbygging i Åreid vassbasseng.

Balanse - Eigedelar

	Notar	2024	2023
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar			
Tomter, bygningar o.a. fast eigedom	4	15 647 077	16 523 872
Distribusjon og produksjon vatn	4	276 822 172	210 804 326
Distribusjon og produksjon avløp	4	68 323 680	63 934 050
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	4	2 602 921	3 116 606
Sum varige driftsmidlar		363 395 851	294 378 855
Eigenkapital innskot			
Investeringer i aksjer og andeler KLP		666 365	608 997
Andre langsiktige fordringar	6	59 785	59 785
Sum finansielle anleggsmidlar		726 150	668 782
Sum anleggsmidlar		364 122 001	295 047 637
Omløpsmidlar			
Lager av varer og anna behaldning		1 775 884	1 806 493
Fordringar			
Kundefordringar	6	13 271 149	11 462 447
Andre fordringar	6	8 086 782	737 832
Sum fordringar		21 357 930	12 200 279
Bankinnskot	7	48 059 429	22 015 373
Sum omløpsmidlar		71 193 243	36 022 144
Sum eigedelar		435 315 244	331 069 781

Balanse - Eigenkapital og gjeld

	Notar	2024	2023
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital		3 000 000	3 000 000
Sum innskoten eigenkapital	8	3 000 000	3 000 000
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		0	-136
Fond vatn		1 463 728	4 470 334
Fond avløp		5 886 560	4 823 161
Sum opptent eigenkapital	8	7 350 288	9 293 495
Sum eigenkapital		10 350 288	12 293 359
Gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9	393 639 786	306 651 967
Sum anna langsiktig gjeld		393 639 786	306 651 967
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		25 929 517	7 505 547
Skattetrekk og andre trekk		1 365 760	1 348 004
Anna kortsiktig gjeld	10	4 029 894	3 270 837
Sum kortsiktig gjeld		31 325 170	12 124 387
Sum gjeld		424 964 956	318 776 354
Sum eigenkapital og gjeld		435 315 244	331 069 713

Arve Hindenes
Styreleiar

Johanna Ann-Helene Johansson
Nestleiar

Hans Otto Robberstad
Styremedlem

Åsmund Håvik
Styremedlem

Aslaug S. Huse
Styremedlem

Nils Ragnar Vika
Styremedlem

Audun Halleraker
Dagleg leiar

Notar til rekneskapen 2024

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Noreg.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eit år etter balansedagen, er klassifisert som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetales innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar.

Gjeld som forfell seinare enn eit år etter utgang av rekneskapsperioden er klassifisert som langsiktig gjeld.

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er rekna på grunnlag av kostpris og venta økonomisk levetid.

Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Aktiverte renter

Selskapet vedtok i 2011 at det ikkje lenger skulle reknast byggelånsrenter på eigne prosjekt.

Varer

Behaldning av varer er vurdert til inntakskost.

Inntektsføring- og kostnadsføringstidspunkt - samanstilling

Inntekt resultatførast som hovudregel når den er opptent. Utgifter samanstillast med og kostnadsførast samtidig med dei inntekter utgiftene kan jamførast til.

Utgifter som ikkje kan jamførast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei oppstår.

Fordringar

Fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventa tap.

Skattekostnad

Selskapet er ikkje skattepliktig.

Disponering av årsresultat, sjølvkostprinsippet

Selskapet skal drivast etter sjølvkostprinsipp, jamfør vedtektene. Resultatet vil svinga mellom overskot og underskot, og disponering av resultat skjer ved overføring til og frå eigenkapital. Kommunestyret har gjort vedtak om at sjølvkost blir berekna etter inntekt og utgift ført etter BVA sitt rekneskap.

Med bakgrunn i dette har styret gjort vedtak om å bruke faktisk rente i sjølvkostrekneskapen.

Pensjoner

Pensjonsforpliktelser knytta til ytelsesordning balanseføres ikkje. Alle innbetalingar til forsikringsselskapet kostnadsføres.

Pensjonsforpliktelser knytta til AFP-ordningen balanseføres berre for den delen som ansatte har valgt å ta ut.

Forpliktelse knytta til fremtidig AFP-uttak balanseføres ikkje.

Note 2 Løn og godtgjersler

	2024	2023
Løn og feriepengar	15 209 584	14 893 684
Folketrygdavgift	1 786 038	1 912 582
Pensjonskostnadar	1 392 699	1 957 500
Investering personal vatn og avløp	-1 770 441	--873 026
Andre ytingar	490 912	135 849
Sum	17 108 792	18 026 589

Antal årsverk sysselsatt i rekneskapsåret: 18



Innsida av ny kloakkpumpestasjon ved veganlegget på Moster.

Note 3 Pensjonskostnader

Selskapet har kollektiv pensjonsavtale for dei tilsette som oppfyller krav i lov om tenestepensjon. Premien vert kostnadsført løpande. I år er premien på kr. 1 392 699. Årets kostnad er redusert med arbeidstakers andel på 2 %.

Selskapets ytelsesbaserte pensjonsordningar gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygden. Forplikingane er satt på fond hos KLP.

I tråd med god reknskapsskikk for små foretak er ikkje selskapetspensjonsforplikting balanseført.

Ikkje balanseført pensjonforpliktelse	31.12.24	31.12.23
Brutto påløpt pensjonsforplikting	30 235 720	32 074 932
Pensjonsmidlar	29 130 985	27 475 298
Netto forplikting før arb.avgift	1 104 735	4 599 634
Arbeidsgiveravgift	117 102	487 561
Netto forplikting inkl. aga	1 221 837	5 087 195
Aktuarielt gevinst(tap) ekskl.aga	3 984 307	159 407
Aktuarielt gevinst (tap) aga	422 336	16 897
Netto forplikting/(midler) etter aga	5 628 480	5 263 499
Herav aga	539 438	504 458


Ytelsesbasert ordning:	31.12.24	31.12.23
Aktive	18	18
Pensjonistar	6	4
Totalt	24	22

Økonomiske forutsetninger (ytelsesbaserte ordninger)	31.12.24	31.12.23
Diskonteringsrente	3,90%	3,10 %
Lønnsvekst	4,00%	3,50 %
G-regulering	3,75%	3,25 %
Pensjonsregulering	3,00%	2,80 %
Forventa avkastning	5,90%	5,30 %
Agasats	10,60 %	10,60 %
Amortiseringstid	10	10
Korridorstørrelse	10,00 %	10,00 %



Note 4 Varige driftsmidler

Kostpris og ordinære avskr.	Tomt	Felles bygning	Infrastruktur vatn	Infrastruktur avløp	Inventar, utstyr	Totalt
Kostpris 1.1	1 700 000	20 594 985	296 070 516	117 708 145	15 949 490	452 023 136
+ Tilgang i år		0	73 536 485	7 848 990	529 900	81 915 375
- Avgang i år		0	-688 714	0	0	-688 714
Kostpris 31.12	1 700 000	20 594 985	368 918 287	125 557 135	16 479 390	533 249 797
Akk. ordinære avskrivningar 1.1	0	-5 771 113	-85 266 190	-53 774 096	-11 758 556	-156 569 955
+ ordinære avskrivningar i år	0	-876 795	-6 829 925	-3 459 359	-1 043 585	-12 209 664
- akk. avskrivningar selde driftsmidler						0
Akk. ordinære avskrivningar 31.12	0	-6 647 908	-92 096 115	-57 233 455	-12 802 141	-168 779 619
Akk. nedskrivningar 1.1	0	0		0	0	0
+ nedskrivningar i år	0	0		0	0	0
Akk. nedskrivningar 31.12	0	0	0	0	0	0
Sum varige driftsmidler	1 700 000	13 947 077	276 822 172	68 323 680	2 602 921	363 395 851
% ordinære avskrivningar	0 %	2,5-5%	2,5-5%	2,5-5%	10-20%	



Note 5 Resultat fordelt på avgiftsområder

Resultat fordelt på avgiftsområde med faktisk rente	Avløp	Vatn	Sum
Driftsinntekter	22 784 861	41 547 907	64 332 767
Driftskostnader	13 972 460	24 531 157	38 503 616
Sum	8 812 401	17 016 750	25 829 151
Avskrivinger	4 419 550	7 790 115	12 209 664
Netto finanskostnader	3 329 451	12 233 242	15 562 693
Resultat	1 063 400	-3 006 606	-1 943 206

Lånerenter i 2024 er kr 17 478 009

Renteinntekter på ledig likviditet er kr 1 874 572.

Selskapet er delvis finansiert med fastrentelån slik kommunestyret i Bømlo har vedteke.

Note 6 Fordringar

Fordringar omløpsmidlar

Kundefordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventta tap på krav kr 360 000. Konstatert tap i 2024 er kr 0.

Andre fordringar er vurdert til pålydande, og utgjør:	2024	2023
Til gode meirverdiavgift	7 551 277	399 273
Andre kortdiktige fordringar	535 505	338 559
Sum andre fordringar	8 086 782	737 832

Note 7 Bankinnskot

Av totale bankinnskot er kr. 847 171,- bunde til skuldig skattetrekk.



Mange meter med nye leidningar blir lagt i dei nye prosjekta.
Her frå veganlegget på Moster.

Note 8 Eigenkapital

Eigenkapital:	Aksjekapital	Andel avløp	Andel vatn	Sum eigenkap.
Eigenkapital 01.01.2024	3 000 000	4 823 160	4 470 334	12 293 495
Årsresultat		1 063 400	-3 006 607	-1 943 206
Eigenkapital 31.12.2024	3 000 000	5 886 561	1 463 728	10 350 288

Selskapet sin aksjekapital er på kr 3 000 000, fordelt på 30 aksjer á kr 100 000. Alle aksjane vert eigd av Bømlo Kommune

Note 9 Avdragsplan langsiktig gjeld

	2025	2026	2027	2028	2029	Etter 2030
Avdragsplan for selskapet sitt lån:	13 000 000	13 000 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000	325 639 786

Det er stilt kommunal sjølvskyldnargaranti for alle lån. To lån har fast rente, dei resterande låna har flytande rente pr. 31.12.2024

Långivar:	Sum pr. 31.12.2024:	Rente:	Långivar:	Sum pr. 31.12.2024:	Rente:
Lån Kommunalbanken	47 322 040	5,28 %	Lån KLP	13 026 300	fastrentelån 4 år 2,22 %
Lån Kommunalbanken	32 747 570	5,28 %	Lån Kommunalbanken	17 631 560	fastrentelån 9 år 1,39 %
Lån KLP	21 854 968	5,28 %	Lån KLP	18 289 473	5,27 %
Lån KLP	22 941 176	5,28 %	Lån KLP	18 675 500	5,07 %
Lån Kommunalbanken	30 526 240	5,28 %	Lån KLP	47 697 364	5,17 %
Lån Kommunalbanken	12 039 450	5,29 %	Lån KLP	48 684 208	5,28 %
Lån Kommunalbanken	12 532 885	5,28 %	Lån KLP	49 671 052	5,28 %

Bømlo Vatn og Avløpsselskap har i 2019 inngått rentebytte-avtale (renteswap) på NOK 20 mill. Rente 1,9 %. Rentebytteavtalen går over 8 år og er inngått for perioden 18.12.2019-15.12.2027

Note 10

Anna kortsiktig gjeld.

Anna kortsiktig gjeld utgjør:	2024	2023
Skuldig løn og feriepengar	2 656 193	2 250 249
Påløpt ikkje forfalt rente	859 020	662 375
Andre påløpne kostnader	514 682	358 213
Sum anna kortsiktig gjeld	4 029 895	3 270 837



Til generalforsamlingen i Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i

samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for

revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke kan fortsette driften.

- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Haugesund, 7. april 2025
Deloitte AS

Eirik Vikingstad
statsautorisert revisor



Vedtekter for Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS

§ 1 Selskapet sitt namn.

Selskapet sitt namn er Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS.

§ 2 Selskapet sitt forretningskontor.

Selskapet sitt forretningskontor er i Bømlo kommune.

§ 3 Selskapet sitt føremål.

Selskapet sitt føremål er kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vatn og avløpsanlegg i Bømlo kommune, og andre oppgåver i tilknytning til dette. Selskapet kan også utføra oppdrag for andre kommunar og privat verksemd, og engasjera seg i liknande verksemd. Selskapet skal grunna sitt allmenntytige føremål drivast etter sjølvkostprinsippet. Administrasjonsmålet til selskapet skal vera nynorsk.

§ 4 Selskapet sin aksjekapital.

Selskapet sin aksjekapital er kr. 3 000 000. Kvar aksje sitt pålydande er kr. 100 000. Aksjekapitalen er fordelt på 30 aksjar. Selskapet er eit heileigd kommunalt aksjeselskap.

§ 5 Utbytte.

Det skal ikkje betalast utbytte til aksjonærane. Selskapet skal drive si verksemd etter sjølvkostprinsippet. Eventuelle overskot skal nyttast til finansiering av tiltak innanfor vassforsyning og avløpsutbygging i Bømlo kommune.

Ved eventuell oppløysing av selskapet skal eigenkapitalen nyttast til utbygging og drift av vatn og avløpsanlegg i Bømlo kommune.

§ 6 Selskapet sitt styre.

Selskapet sitt styre skal ha frå 5 - 6 medlemmar med 2 stk nummererte varamedlemmar. Generalforsamlinga vel 5 av styremedlemmane og varamedlemmer. Generalforsamlinga kan gjere vedtak om at dei tilsette skal ha eit styremedlem med varamedlem, som veljast av og blant dei tilsette i selskapet.

Styret blir valt for 2 år av gangen. Styret sin leiar og nestleiar blir valt ved særskilt val av generalforsamlinga.

§ 7 Selskapet sin signatur og prokura.

Signatur teiknast av leiar i styret saman med eit av styremedlemmane. Styret kan meddele prokura.

§ 8 Sal av aksjar.

Overdraging av aksjar må for å vera gyldige vera godkjent av selskapet si generalforsamling.

§ 9 Generalforsamling.

Selskapet si ordinære generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni, og skal handsama følgjande :

1. Godkjenning av årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding.
2. Disponering av overskot eller dekning av underskot.
3. Val av styre.
4. Fastsetjing av godtgjersle til styret og revisor.
5. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

Kunngjering til aksjonærane om generalforsamling skjer ikkje i offentlege publikasjonar. Årsrekneskapen, årsmelding og revisjonsmelding skal sendast ut seinast 2 - to - veker før generalforsamlinga.

Alle saker som ein aksjonær ønskjer tatt opp i ordinær generalforsamling skal vera skriftleg og sendt styret innan 3 - tre - veker før generalforsamling Alle dokument som skal leggjast fram på generalforsamlinga, skal i varslingsperioden vera utlagt på selskapet sitt kontor.

§ 10 Vedtektsending.

Vedtektsending og avgjersle om å løyse opp selskapet krev tilslutning frå minst 2/3 av den totale aksjekapitalen i selskapet.

§ 11 Generelt.

Aksjelova sine reglar gjeld i den utstrekning ikkje anna er fastsett i vedtektene.



Fra innsida av nytt vassbasseng ved Åreid.

BØMLO VATN OG AVLØPSSKAP AS
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Høllundsdalen 21
Org. nr. 985 228 825

